



Naturvernforbunda i Sør- og Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal

PB 706, 7407 Trondheim, Tlf: 73 51 52 24, Fax: 73 51 27 27

E-post: sortrondelag@naturvern.no

Miljøverndepartementet
postmottak@md.dep.no

Trondheim 01.01.2008

Krav om regional fylkesdelplan for vindkraft

Vi ber Miljøverndepartementet påleggja fylkeskommunane / fylkesmennene i Midt- Noreg å utvikla ein felles, regional fylkesdelplan for vindkraft for heile Midt- Noreg.

Allment

Sør Trøndelag fylkeskommune arbeider med å få på plass ein fylkesdelplan for vindkraft, og ønskjer at planen skal vera regional. Ut i frå dette blir det utarbeidd eit faktagrunnlag som omfattar meire enn Sør Trøndelag. Faktagrunnlaget er utforma av ei arbeidsgruppe, der også Nord Trøndelag og Møre og Romsdal har deltatt. Problemet er at foreløpig ønskjer verken Nord Trøndelag eller Møre og Romsdal å delta i utviklinga av ein slik regional, forpliktande plan for vindkraft.

I Nord-Trøndelag vil dei knyte den vidare handsaminga til ein Klima-og energiplan. Vi er samde i at eit slik plan må koma, men meiner at det ikkje kan vera til hinder for at Nord-Trøndelag tek del i ein regional vindkraftplan slik Sør-Trøndelag ynskjer. Det er fleire prosjekt som no er melde eller er under handsaming som gjeld begge fylka. Når så mykje felles faktagrunnlag ligg føre, må det og være god bruk av ressursar å få ein felles plan no.

Møre og Romsdal har behov for at delar av fylket blir verande frie for vindturbinar av landskapsmessige grunnar (Stadt og Runde). Stadtområdet skil mot sør slik at samarbeid mot Sogn og Fjordane ikkje er avgjerande. Men områda mot Trøndelag må i høgste grad sjåast i samheng med det som skjer på andre sida av fylkesgrensa, mellom anna fordi det her er felles inngrepsfrie område og kraftlinene som eventuelt skal til vil få stor verknad for bae fylke.

Vi er glade for initiativet frå Sør Trøndelag, og ser det slik at utfordringane rundt vindkraft i regionen er så omfattande og fylkesovergripande at det er nødvendig å sjå heile regionen under eitt. Viktige verdiar kan gå tapt dersom ein ikkje ser regionen under eitt.

Dette gjeld spesielt området rundt Trondheimsfjorden, som med sine fjærområde, elver / elveutløp og grunne ferskvatn, sannsynlegvis er Noregs største og viktigaste våtmarksområde, og dermed eit nasjonalt ansvar.

Fylka i Midt Noreg er også i eit skjebnefellesskap når det gjeld kraftsituasjonen for regionen.

Statnett planlegg ei 420 kV kraftline frå Mo i Rana til Fræna / Viklandet der Fosen og ytre delar av Nord Møre er ein aktuell trasé. Med ei slik kraftline på plass er det i teorien mogleg å realisere dei

fleste planlagde vindkraftverka i regionen og dermed leggja vegen open for å få det mest omfattande naturinngrepet i Noreg nokon gong.

Viktig område for Europeiske trekkfuglar

Trondheimsfjordområdet er sentral for trekket til delar av Europas felles fuglebestand. Vi har «kystriksvegen» for trekkande fugl sørfrå langs Mørkekysten, med kvileområde og matsøk i Trondheimsfjordsregionen og vidare trekk nordover langs kysten av Nord -Trøndelag.

Dette er ikkje berre eit regionalt ansvar, det er også eit nasjonalt og internasjonalt ansvar, når vi ser på Bernkonvensjonen, som legg eit spesielt ansvar på forvaltninga av dyr på vandring.

I denne samanhengen vil vi også peike på at det er feil å utelukkande sjå på artar som er raudlista eller svartlista. Så lenge dette området er så sentralt for store, internasjonale fuglebestandar, kan det få store konsekvensar, også for artar som i dag opptrer i rikt antall.

Den viktigaste funksjonen er ikkje nødvendigvis at fuglar blir slått i hel, slik vi kan risikere når det gjeld lokal bestand av store rovfuglar som havørn og hubro, men at vi får ein avvisingseffekt, som det finst erfaringar for frå andre stader, f.eks. Gotland. Oppstilling av vindturbinar har ført til at fuglar som før brukte Gotland for mellomlanding under trekket, i dag flyg forbi. Resultatet er at dei er i dårlegare form når dei kjem fram, noko som kan påverke hekkeresultatet i negativ retning. Tilsvarande når ungfuglane er på veg sørover.

Korleis vil vindturbinar ved Trondheimsfjorden virke? Dette er det ikkje gjort felles vurderingar av, og *konsekvensutgreiinga for Oksbåsheia og Sørmarksfjellet var typisk slik sett, der spørsmål rundt virkninga for trekkfugl ikkje var eit tema.*

Det viktige våtmarksområdet som Trondheimsfjorden med omland representerer, har blitt sterkt desimert gjennom mange år, gjennom ei «bit for bit» forvaltning, der viktige elvedelta, fjæreområde m.m. har gått tapt. Inngrep som vindkraftanlegg vil ytterlegare forsterke denne «systematiske» nedbygginga av Noregs viktigaste våtmarksområde.

Her må det felles, overordna vurderingar inn, og ut i frå dette må ein også stille eit grunnleggjande spørsmål:

Er dei negative virkningane for naturmiljøet frå vindkraft i kystregionen i Midt- Noreg så store at ein som hovudregel ikkje bør tillate ytterlegare vindkraft der?

Dette spørsmålet krev felles arbeid frå alle dei tre fylkeskommunane og eit tett samarbeid med fylkesmenn, Miljøverndepartementet og Direktoratet for Naturforvaltning.

Inngrepsfrie naturområde

Nesten alle vindkraftanlegga er foreslått plasserte i inngrepsfri naturområde, noko som er i ferd med å bli sjeldent langs kysten av Midt Noreg, og som det difor er spesielt viktig å ta vare på. I vedlagde oversyn over planlagde vindkraftverk går det fram at dei planane for vindkraftanlegga omfattar eit direkte tap av 550 km² inngrepsfritt naturområde. I tillegg kjem det som går tapt ved framføring av kraftliner for å kople anlegga til sentralnettet.

Nasjonalparker og inngrepsfrie naturområde

Dagens nasjonalparker ligg i stor grad i fjellområde, mens kystlandskap i mindre grad har oppnådd slik status. Det er grunn til å vurdere om det er mogleg å oppnå større, samanhengande verneområde i det spesielle kystlandskapet i Midt Noreg. Då er det viktig at ein ikkje byggjer ned eller får stor influens frå vindkraftanlegg i område som er aktuelt å vurdere i ein slik samheng.

Kraftsituasjonen i Midt Noreg

Dagens underdekning av elektrisitet i Midt Noreg blir systematisk brukt som grunngeving for å byggja ut vindkraftverk i regionen, men vi ser det slik at underdekninga av elektrisitet i Midt Noreg

i fyrste rekke er ei forbrukskrise og berre i andre rekke ei produksjonskrise. Naturvernforbunda i Midt Noreg har vist at med ei systematisk satsing på energisparing i alminnelig forbruk og i industrien, kombinert med oppgradering av gamle kraftverk, er det mogleg å oppnå ei betring av kraftsituasjonen i regionen med minst 4 TWh innan 2012, og ytterlegare betring i åra framover. Dette er tilstrekkeleg til å løyse den såkalla «kraftkrisa» for Midt Noreg, men det krev felles innsats frå heile regionen, og er enno ei årsak til at vi har behov for felles, regional planlegging.

Må bli sett under eitt

Ut i frå argumentasjonen over, ser vi det slik at heile regionen må bli sett under eitt, der vindkraftplanar sør, vest og nord for Trondheimsfjorden blir vurdert under eitt, i ein felles, regional plan. Med ein samla, regional plan, er det også mogleg å sjå sumvirkningar av fleire anlegg og sumvirkning med andre naturinngrep og aktivitet over eit større geografisk område. Det er ikkje mogleg å vurdere dei einskilde vindkraftanlegga separat. Dei må bli sett inn i ein samla samanheng.

Vi ber Miljøverndepartementet påleggje fylkeskommunane / fylkesmennene i Midt Noreg å utvikla ein felles, regional fylkesdelplan for vindkraft for heile Midt Noreg.

Vi ber også om at vidare behandling av vindkraftanlegg med tilhøyrande kraftliner i regionen blir stilt i bero i påvente av ein regional plan for vindkraft.

Per Flatberg

Leiar av Naturvernforbundet i Nord Trøndelag

Mads Løkeland

Leiar av Naturvernforbundet i Sør Trøndelag

Øystein Folden

Leiar av Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi:


- Olje- og Energidepartementet
- Fylkesmannen i Sør Trøndelag, Fylkesmannen i Nord Trøndelag, fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Sør Trøndelag fylkeskommune, Nord Trøndelag fylkeskommune, Møre og Romsdal fylkeskommune
- Direktoratet for Naturforvaltning, Norges Vassdrags- og Energidirektorat

Vedlegg:

1. Statnetts plan for 420 kV kraftleidning frå Rana til Møre for tilkopling av vindkraft.
2. Oversyn over planlagde og idriftsette vindkraftanlegg i Midt Noreg.
3. Naturvernforbundets alternative energiplan for Midt Noreg.

Vedlegg 1:

Statnetts plan for 420 kV kraftledning fra Rana til Møre for tilkopling av vindkraft.



Statnett 2007: http://www.statnett.no/Resources/Filer/Prosjekter/Rana%20-%20Møre/Trøndelag/Høringskart_skisse.jpg